


**ÅRSPLAN  
FOR  
KVITESEID SFO  
2023/2024**



## **FORORD**

Denne årsplanen er retningsgjevande for dette SFO året. Det vil seie at det kan kome endringar undervegs i året. Nytt frå 01.08.21 er at SFO har fått sin eigen Rammeplan for SFO, det betyr at me har fått eit styringsdokument som me skal jobbe etter.

SFO leiar

Bente Færstaul

[bente.ferstaul@kviteseid.kommune.no](mailto:bente.ferstaul@kviteseid.kommune.no)

## **DEL 1**

Del 1 av årsplanen kjem til å innehalde kapitla som er omtala i Rammeplanen for SFO.

Del 1 gjeld for Brunkeberg oppvekstsenter og Kviteseid skule SFO.

### Kapittel 1: Om rammeplan for skolefritidsordninga.

«SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gi omsorg og tilsyn.» Med dette som utgangspunkt skal me på SFO ta omsyn til alle barna me har og deira forutsetningar. Barna er ulike i alder og bakgrunn, difor er det viktig at personalet tek omsyn til dette i planlegginga av aktivitetar. «Verdigrunnlaget for SFO byggjer på grunnleggjande verdiar som også gjeld for barnehage og grunnopplæring.»

### Kapittel 2: Verdigrunnlaget til skolefritidsordninga.

«Verdigrunnlaget skal formidlast og praktiserast i alle delar av arbeidet i SFO og prege innhaldet og arbeidsmåtane.» Personalet skal ta barndommen sin eigenverdi på alvor, som tyder at ein skal dekkje behova til barna som til dømes omsorg og tilsyn, og ein skal gje barna moglegheit for meiningsfull fritid. Personalet skal sjå og høyre kvart einskild barn for å gje omsorg og utvikle empati hos barna. SFO skal ha respekt for ulikskapar og anerkjenne mangfaldet i barnegruppa for å gjera ein best mogleg jobb for at barna skal føle seg vel. SFO skal gje barna god tid og rom for leik, der dei kan få vist skaparglede og utforskarkrong. Personalet skal støtte opp om leiken og leikens eigenverdi. «SFO skal fremje demokrati, motarbeide alle former for

diskriminering og byggje verksemda si på prinsippet om likestilling og likeverd.» Ved å gje barna mogleheit for deltaking i aktivitetar der ein samhandlar med kvarandre uansett bakgrunn og føresetnader kan ein gje barna positive erfaringar med kvarandre. Personalelet skal hjelpe barna med å sette grenser for seg sjølve og ta omsyn til andre i fellesskapet. SFO skal gje barna naturglede der dei lærer å ta vare på naturen og vera miljøbevisst, der personalelet rettleiar barna i å rydde etter seg når ein er på tur og ute i skogen når ein leiker.

### Kapittel 3: Innhaldet i skolefritidsordninga.

«SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar som er tilpassa barn i ulik alder og med ulikt funksjonsnivå. SFO skal, gjennom innhald og arbeidsmåtar, leggje til rette for god samhandling i barnegruppene, mellom enkeltbarn og mellom vaksne og barn.» Personalelet skal leggje til rette for gode rammer rundt leik, kultur, fysisk aktivitet og måltid. Viktig at personalelet kjenner barnegruppa og at barns medverknad blir tatt på alvor når ein skal leggje planer for den daglege drifta. Vaksenrolla er viktig for korleis ein skal skape gode relasjonar mellom barn-barn og voksen-barn. Personalelet skal vera aktive, observerande og vera til stades for barna for å gje dei tryggleik og omsorg.

Dette kapitlet blir meir omtala i planen for den einskilde SFO og deira planer for året.

### Kapittel 4: Ei inkluderande skolefritidsordning.

«SFO skal aktivt bidra til å danne fellesskap der alle barna kan delta og få ei oppleving av å høyre til.» Personalelet skal observere og vera aktivt med i aktivitetane og leiken til barna for å sjå om alle deltar. Det er personalelet sitt ansvar at barna skal få delta i leik og aktivitetar som fremmer fellesskapet på SFO. Vennskap er viktig for barn og da får dei følelsen av å høyre til i ei gruppe og vera inkludert saman med andre barn og vaksne.

### Kapittel 5: Samarbeid i skolefritidsordninga.

«Omsynet til barnas beste skal ligge til grunn når SFO samarbeider med foreldre, skole, barnehage og andre offentlege instansar.» Det er viktig at ein har eit godt samarbeid med heimane for at ein skal få ein forståing kva som er viktig for det einskilde barn. Eit godt samarbeid med skulen

fører til at ein får gode overgangar for barna i kvardagen. Samarbeid med barnehagen ligg det føringar på kommunen si heimeside om overgangar.

## Kapittel 6: Kvalitetsutvikling.

« Eigar skal leggje til rette for at SFO har moglegheiter til å planleggje og evaluere verksemda, drive kompetanseheving og reflektere over innhald og arbeidsmåtar.» SFO har 3 planleggingsdagar i løpet av skuleåret, desse ligg inne i skuleruta. I den daglege drifta har leiar javnlege møter med dei tilsette. I desse møta planlegg ein kva for aktivitetar ein ynskjer å gje barna og ein evaluerar det arbeidet ein har gjort, innspel frå barna blir teke med inn i desse møta. Kompetansehevinga dette skuleåret vil vera å implementere den nye Rammeplanen for SFO.



## **DEL 2.**

Del 2 av årsplanen er gjeldande for Kviteseid skule SFO.

Me ynskjer alle saman velkommen til SFO, me gler oss til å få vera saman med barna dykkar.

Opningstider for SFO:

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG
Kl.07.30-08.10	Kl.07.30-08.10	Kl.07.30-16.45	Kl.07.30-08.10	Kl.07.30-08.10
Kl.13.45-16.45	Kl.13.45-16.45		Kl.13.45-16.45	Kl.13.45-16.45

Skulen og SFO har eit prosjekt saman som heiter Liv og røre. Dette er eit prosjekt der ein har fokus på aktivitetar i undervisning og sunne måltid. For SFO betyr det at me skal legge til rette for ulike aktivitetar ute og inne der barna er i bevegelse og bevisstgjering kring kva me serverar til måltida.

Vekeplan:

Morgon før skulestart:

- Leik inne på SFO rommet.
- Kl.08.00-08.10 uteleik.

Ettermiddag etter skuleslutt:

- Starter med opprop ute og uteleik.
- Leksehjelp, måndag og torsdag kl.14.00-15.00.
- Måltid.
- Leik inne og ute.
- Vaksenstyrte aktivitetar/kvile.

Onsdag:

Kl.07.30-09.30:

- Barna kjem og leik inne og ute.

Kl.09.30-11.00:

- Vaksenstyrte aktivitetar.

Kl.11.00:

- Måltid.

Kl.11.30-14.00:

- Uteleik:

Kl.14.00:

- Måltid.

Kl.14.00-16.45:

- Leik inne og ute.
- Kviteseidhallen kl.14.00-15.30

Som dykk ser på vekeplanen blir det mykje leik på SFO. Det som kjem til å vera i fokus dette året på SFO er leik. I rammeplanen står det at leiken skal ha ein stor plass i SFO.



Rammeplanen seier at leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom for leik kvar dag. Kjenneteikn på leik er at den er mellom anna lystbetont og indre motivera hos barn. Me veit også at leiken er med på å knyte vennskap mellom barn og er ein viktig sosial arena for barn der dei kjenner på å høyre til saman med andre. På SFO skal personalet legge

til rette for leik, støtte barna i leiken og å vera til stades for barna i leiken. Leik er ein arena der barna øvar på mange ferdigheitar som til dømes late som, turtaking, kommunikasjon, bruke fantasién og oppleve glede og latter. Viktig at me anerkjenner leiken sin eigenverdi og den indre styrte motivasjonen barn har til å leike kvar dag.

SFO kjem til å vera ute og leike kvar dag, dette er viktig for at barna skal bruke kroppen og vera i fysisk aktivitet. Kviteseidhallen har me på onsdagar og den kjem me til å bruke til regelleikar og mykje fri aktivitet der barna kan bruke utstyret i hallen som er tilgjengeleg. Onsdagane kjem me til å bruke til turdagar. Me skal gå på tur i nærmiljøet og gje barna positive opplevingar med å være på tur saman. Liv og røre prosjektet kjem inn under desse aktivitetane.

«SFO skal bidra til trivsel og glede i sjølvvalgt leik og tilrettelagte aktivitetar, og gi rom for rekreasjon og kvile», Rammeplanen 2021. For oss vil det seie at me skal gje barna ein trygg stad for dei å vera, der me ynskjer å skape trivsel og glede i leiken saman med andre barn og dei vaksne. I dei vaksenstyrte aktivitetane vil meistring og nye erfaringar vera viktig. Me skal lage fellesprosjekt og lage gode felles opplevingar gjennom året. Me kjem til å legge kvile inn i kvardagen der det er naturleg, av erfaring ser me at barna kjem for å kvile ein ein sofa eller på eit fang hos personalet. Ein kan seie at barna lader seg litt før dei er i gang med aktivitetar att.

Tryggleik og omsorg er viktig for at barna skal kunne trivast på SFO, me skal legge til rette slik at alle føler seg trygge på kvarandre og trygge på oss vaksne. Dette for at barna skal kunne kjenne på ein fellesfølelse og medkjensle for kvarandre. Me skal også vise respekt for kvarandre for me er ulike og har ulike forutsetningar og erfaringar. Viktig at barna viser forståing for kvarandre og omsorg. Opplevinga av og vera viktig for andre og bety noko er viktig for alle menneske. For oss vil det seie at barnemøta er ein arena der ein kan snakke om korleis ein har det og om korleis me ynskjer å ha det alle saman både barn og vaksne. Barnemøta kjem me også til å ha i plenum der det er hensiktsmessig.

SFO skal leggje til rette for at barna får delta i ulike kunstneriske og kulturelle aktivitetar. Kulturskulen er ein samarbidspartnar me ynskjer å jobbe saman med ein ettermiddag i veka, i nokre veker av året.. Me kjem og så til å legge til rette for musikk og kunstneriske aktivitetar i formingsprosjekt. Samisk kultur kjem me til å jobbe med på nyåret og markere nasjonaldagen deira som er 6 februar.

Måltida på SFO er ein arena for gode samtaler rundt borda og at barna får vera med på å få lage maten me skal eta. Fellesskap er også viktig der me er saman og nyter eit godt måltid saman. Når me lagar mat kjem me til å følge nasjonale retningslinjer for måltid. Det vil seie at me kjem til å variera på fisk og kjøt når me lagar varm mat. Me er også bevisste med tanke på kva for brød/knekkebrød og pålegg me serverar på SFO. Barna kjem til å få tilbod om frukt og grønsaker kvar dag ved måltidet. Dette er også i tråd med Liv og røre prosjektet.



## ÅRSHJUL 2023/2024:

AUGUST	<ul style="list-style-type: none"><li>• Bli kjent</li><li>• Oppstart</li></ul>
SEPTEMBER	<ul style="list-style-type: none"><li>• Haust</li></ul>
OKTOBER	<ul style="list-style-type: none"><li>• Halloween-feiring</li></ul>
NOVEMBER	<ul style="list-style-type: none"><li>• Haust</li></ul>
DESEMBER	<ul style="list-style-type: none"><li>• Advent</li></ul>
JANUAR	<ul style="list-style-type: none"><li>• Vinter</li></ul>
FEBRUAR	<ul style="list-style-type: none"><li>• Samer</li></ul>
MARS	<ul style="list-style-type: none"><li>• Påske</li></ul>
APRIL	<ul style="list-style-type: none"><li>• Vår</li></ul>
MAI	<ul style="list-style-type: none"><li>• 17.mai</li></ul>
JUNI	<ul style="list-style-type: none"><li>• Sommar</li></ul>

Faste aktivitetar gjennom året.

- Barnemøter.
- Matlaging.
- Forming/kunst.
- Markere høgtider.
- Uteleik og turar.
- Kulturskulen.
- Kvitselshallen.

Dei ansatte ved SFO er:

Johanna, Tarjei, Tone Anne, Linn, Stine og Bente.

SFO tlf.nr.41 42 77 96

